

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

Postboks 4613 Sofienberg

0506 OSLO

14.06.2012

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

## Innspel til høyring om endringar i Frifond organisasjon

FolkOrg takker for høve til å kome med innspel i høyringa om endringar i Frifond organisasjon.

Ordninga Frifond organisasjon er særst viktig for aktiviteten i laga våre knytt opp mot barn og unge. Stønadene bidreg til mykje god og viktig aktivitet i heile landet.

FolkOrg meiner det er viktig at Norsk Musikkråd framleis handsamar den delen av Frifond organisasjon som er retta mot musikkorganisasjonar fordi:

- Mange av dei som er definert som eit lag innanfor musikklivet, fell utanfor LNU sin definisjon, og vi meiner det er viktig å ta vare på den musikkaktiviteten som finnast blant born og unge i Noreg sjølv om han er organisert på ein annan måte.
- Retningslinene til LNU er ikkje tilpassa musikkorganisasjonenes røyndom.
- Mange musikkorganisasjonar er ikkje reine barne- og ungdomsorganisasjonar, men har likevel gode aktivitetar for og med barn og unge.
- Norsk musikkråd har kunnskap og kompetanse til å ta omsyn til denne røyndommen.
- Det er kortare avstand frå musikkorganisasjonane til Norsk musikkråd enn til LNU, og kan slik lettare få forståing for dei ulike utfordringane dei står ovanfor.
- Fordeling av Frifondmidlar må og tuftas på fagleg kompetanse, ikkje berre matematikk.
- Norsk frivillig musikkliv treng eit sterkt og samordnande Norsk musikkråd. Om Kulturdepartementet tek vekk ein viktig oppgåve som Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd, er det med på å svekke organisasjonen i høve både kompetanse, ressursar og politisk tyngde.

Det er viktig å jamleg evaluere store ordningar som til dømes Frifond, både i høve retningsliner og kven som skal handsame ordninga. Norsk musikkråd er no i gang med å revidere retningslinene for Frifond organisasjon som dei handsamar, det vert gjort i samarbeid med mottakarorganisasjonane slik at ein får alle omsyn opp på bordet. FolkOrg ved dagleg leiar sit i arbeidsgruppa som er sett ned, og vi har fleire framlegg til endringar i retningslinene. Mellom anna er det viktig for oss at lange og for oss særst viktige tradisjonar om aktivitet på tvers av generasjonar, ikkje er til hinder for at ungdommane i desse organisasjonane får stønad til sitt arbeid, sjølv om og mange over 26 år er medlemmer i same organisasjon. Trass i ulike interesser også i musikkorganisasjonane opplever vi

stor forståing for dei utfordringane vi har. Fagleg nærleik til feltet er ei viktig årsak til det. I arbeidsgruppa er vi opptekne av å ha klare retningsliner og gode kontrollrutinar.

FolkOrg vonar at Kulturdepartementet har forståing for dei argumenta som kjem fram her og frå dei andre musikkorganisasjonane, og let Norsk musikkråd halde fram med å handsame ordninga Frifond organisasjon.

FolkOrg er og med på den felles uttalen som organisasjonane som mottek stønad via Norsk Musikkråd har sendt inn.

Med vennleg helsing



Linda Dyrnes

Dagleg leiar